

## RETNINGSLINJER FOR KOMMUNALT VILTFOND I NORDDAL.

### FØREMÅL.

Føremålet med viltfondet er å fremje ei god viltforvaltning i kommunen.

Dette m.a. gjennom å støtte tiltak som kan auke kunnskapen om viltet, tiltak som går på organisering av jakt,m.m., i kommunen - eventuelt og i regionen - gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, einskildpersonar eller kommunen sjølv.

Viltfondet skal dekkje utgifter – inkludert moglege beredskapsgodtgjersle – som kommunen har til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt.

Det kan gjevast støtte til tiltak for å førebyggje skade valda av hjortevilt på jord-og skogbruksnæring.

### MÅLGRUPPE

Lag og organisasjonar, kommunar og einskildpersonar.

### MEIR I DETALJ OM KVA TILTAK SOM KAN FÅ TILSKOT (tilfeldig rekkjefølgje):

- Kartlegging av viltressursar/viltinteresser (inkludert hjorteteljing)
- Utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tilskot til organisering– i ein innkøyringsperiode – og drift, av vald, i samband med fleirårig bestandsplan.
- Tilskot til utarbeiding av fleirårig bestandsplan.
- Tilrettelegging for/informasjon om jakt og mulegheiter for jakt.
- Tiltak som aukar kunnskapen om viltet hjå grunneigarar, jegerar, allmenta.
- Kursdeltaking og kompetansejevande etterutdanning innan viltforvaltning for administrasjon og politikarar.
- Tiltak og utstyr som kan utvikle og forbetre den kommunale viltforvaltninga.
- Tiltak for å førebyggje skade på jord- og skogbruk valda av hjortevilt.
- Tiltak for å førebyggje påkøyrslar og trafikkskade der hjortevilt er involvert.
- Andre tiltak som fremjar viltforvaltning, og som kjem inn under forskrifta.

### Midlar frå viltfondet kan ikkje nyttast til:

- Kommunal administrasjon, jamfør forskrifta.
- Å *erstatte* skade valda av vilt.
- Skotpremie.

## SØKNAD

Søknad om midlar skal vere skriftleg, og sendast til kommunen.

Søknaden skal innehalde opplysningar om kva det vert søkt om, føremål og nytte.

Kva aktørar som deltek i finansiering, budsjett og eigendel.

Kommunen kan om ynskjeleg frå søkjar, hjelpe til med å forme søknad.

Det vert utlyst ein søknadsomgang med **søknadsfrist 1. april** kvart år; kommunen informerer om ordninga og søknadsfristen. Det kan gjerast unnatak frå denne hovudregelen, slik at einskildsøknader kan handsamast utanom søknadsrunden, i perioden mai – november.

## STYRINGSORGAN

Fondsstyret er det organet i kommunen som til ei kvar tid er delegert fullmakter etter lov av 29. mai 1981 om viltet; for tida utval for teknisk og miljø (jamfør delegeringsreglementet vedteke av kommunestyret i sak 16/04).

Rådmann har fullmakt til å nytte fondsmidlar til løpande utgifter i samband med ettersøk og handtering skadd vilt og fallvilt.

Det politiske utval/nemnd avgjer søknader om tilskot frå viltfondet.

Klageorgan ved søknader frå viltfondet, er kommunestyret.

Rekneskap for viltfondet skal førast av kommunekassa.

## ENDRING AV RETNINGSLINJENE.

Endring av retningslinjene kan gjerast av det politiske utval/nemnd. (jamfør delegeringsreglementet vedteke av kommunestyret i sak 16/04).

\*\*\*\*\*

**Desse retningslinjene er vedtekne av Norddal kommunestyre som sak 22/03 i møte 27.03.03. Sist endra av Norddal viltnemnd i møte 20.02.2008. under sak 004/08.**

I regelen er det Fylkesmannen som er klageinstans i enkeltvedtak gjort i tråd med Viltlova eller forskrift til denne. Jf. Viltlova sin § 4 andre ledd.

Heimel for at kommunestyret er klageinstans finn ein i **Rundskriv mars 2002 Viltloven på side 4 under punkt 1.1 Enkeltvedtak i kommunen.**